



Polen prosjektet 2014

Det polske sang og danse ensemblet «SLASK» har invitert Strilaringen med som partner i eit kulturutvekslingsprosjekt Noreg-Polen i 2014. Bakgrunnen er at «SLASK» har fått tildelt støtte frå EØS kulturutvekslingsprogrammet med Polen. Programmet skal fremja mangfald i kunst og kultur og fremja kulturell dialog og styrka samarbeidet mellom Noreg og Polen.

Den praktiske gjennomføringa av prosjektet består av at me skal vitja kvarander i løpet av 2014. Strilaringen reiser til Polen mellom 24.mai og 01. juni. I Polen skal me saman med «SLASK» gjennomføra 3 framsyningar og me skal ha 2 «work-shoppar» der me lærer dansar av kvarandre. 13. august kjem «SLASK» til oss og vert i 10 dagar. I løpet av denne perioden skal me avvikla 7 framsyningar og 2 «work-shoppar».

For Strilaringen vert dette ein ny type prosjekt å delta på og me ser fram til denne nye erfaringa. No startar me opp med å øva med dette som mål for å vera godt forberedt til å delta på eit kulturutvekslingsprogram der vårt mål er å syna vår dansekultur.

Er du interessert i å dansa med oss så møt opp på øvingane våre, velkomen skal du vera. Du finn oss i Dalheim Hundvin måndagar kl 19-21.